



Fortrinn ved bruk av taubane til skogsdrift

Ein fjerdedel av skogarealet i landet er i bratt og vanskeleg terreng. Ein relativt stor del av dette arealet finst langs kysten. Det er gjeldande nasjonal politikk at også desse areala skal kunna brukast på ein berekraftig måte til verdiskaping og klimatiltak.

Det er elles viktig å slå fast at store delar av dei areala som i dag vurderast som vanskeleg terreng for skogsdrift, ikkje alltid har hatt slik status. Bratte areal, gjerne ned mot sjø og vatn, var med tidlegare driftsmetodar sett på som dei mest lettdrivne. Difor finn vi i dag lite gammal skog på desse areala.

Ulike typar taubanesystem er veleigna for drift av skog i bratt og vanskeleg terreng. Det er ei rekkje fortrinn med bruk av taubanar sett i høve til dagens tradisjonelle drift med hjul- og beltegåande hogstmaskinar:

- Først og fremst er dette ein miljøvennleg måte å ta ut skog på - utan fysiske inngrep i terrenget. Ein unngår store investeringar i vegbygging i ofte erosjonsutsette område.
- Ein reduserer transportkostnadene på offentlig og privat veg, og ein flyttar tungtransporten vekk frå veg og over på sjø. Innsparingane her vil kompensere for ein dyrare driftsmetode.
- Ein tek ut heile treet med kvist og topp og gir med det opning for å kunne utnytte kvist og topp til bioenergi, noko som normalt blir liggjande igjen på hogstfeltet.
- Ein nyttar ein ressurs som i mange tilfelle vil bli ståande unytta og etter kvart rotne på rot. For samfunnet betyr dette mykje for den totale verdiskapinga og for klimaet. Det er ikkje råstoffleverandøren, altså skogeigaren, som sit att med den største gevinsten, men samfunnet. Avhengig av vidareforedlingsgrad og sluttprodukt utgjer denne grovt 6 -12 gonger førsthandsverdien.
- Taubanedrift er også er bra for klimaet. Her tek ein i bruk ein fornybar ressurs som vil erstatte andre forureinande byggjematerialar og energikjelder. Og det skjer utan bruk av veg, men ofte med miljøvennleg sjøtransport.

